

## Generelt.

- statsallmenningen er på ca. 1,2 mill. dekar
- 140 små og store fiskevatn
- ca. 130 km fiskeførande elver og bekkar
- aure er det einaste fiskeslaget.

Før fiske tek til, må det løysast fiskekort. Kort og kart over området får du kjøpt på turiststader, i sportsforretningar, på Norsk fjellsenter og på Esso i Lom, eller det kan kjøpast på [www.inatur.no](http://www.inatur.no).

Born under 16 år har ein lovfesta rett til fritt fiske med stong den tida fiske er lovleg. Lom fjellstyre har utvida denne retten og vedteke at alle kan fiske gratis med stong i allmenningen inntil det året dei fyller 20 år. Men born som fiskar eller deltek i fiske med annan reiskap enn stong, må løyse kort for denne reiskapen uansett alder.

*Prisar og korttypar.*

Korttypar	Stong	Stong/oter	Garn
Døgnkort	80 (125)	100	100
3-døgn	160 (230)	180	180
Veke	260 (360)	350	350
Sesong	400 (500)	500 (650)	500 (650)

Tala i parantes gjeld pris for familiekort, som kan kjøpast av ektepar, sambuarpar og einslege med barn inntil det året dei fyller 20 år. Sesongkortet gjeld for kalenderåret 1/1 – 31/12.

Dei som fiskar, pliktar å setje seg inn i dei gjeldande fiskereglane for området.

**Fiskekort-Jotunheimen er eit stongfiskekort som gjeld for heile Jotunheimen NP, og er eit samarbeid mellom fjellstyra i Vågå, Luster og Lom.**

## Fiskereglar for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Lom fjellstyre har i medhald av Fjellova, siste gong med endringar i sak nr. 28/2013, vedteke desse reglane for fiske i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningar.

1. Alt anna fiske enn fiske med stong og handsnøre, er forbode frå og med den 20.9. til og med den 31.10. I same tidsrommet er fiske med stong og handsnøre likevel forbode i elver og bekkar der auren gyter, og i vatn nærare enn 50 meter frå inn- og utlaupselver der auren gyter.

2. Utlendingar har berre lov til å fiske med ei stong eller eitt handsnøre.

3. Utanbygdsbuande i Noreg har lov til å fiske med ei stong eller eitt handsnøre, og lov til å fiske med oter på alle vatna unnateke desse: *Sylvetjernet, Eilevsvatnet, Leiråstjernet og Halsatjerna (Bakkebergstjerna)*.

4. Fiske med faststående reiskap er lovleg berre for dei som siste året har vore, og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg, med eitt unntak: Utanbygdsbuande i Noreg med kort for oterfiske, kan fiske på Høyvatnet etter dei reglane som gjeld for garnfiske her.

For fiske med faststående reiskap gjeld:

- Dei vatna der garnfiske er tillate, er opplista i den etterfylgjande tabellen, der det går fram kor mange garn det er lov å fiske med pr. kort, lovleg maskestorleik og tidsrommet for fiske på dei ymse vatna.
- Kvart garn skal ikkje vera lenger enn 25 meter, og kan ha ei høgd på inntil 1,9 meter.

Garnreglar			
Lokalitet	Ant. garn pr. kort	Tidsrom	Lovleg maskevidde
Høyøytjern og Hovdelangtjern*	2 stk.	f.o.m. 31/7 t.o.m. 19/9	24 mm. el. mindre
Bøverkintjerna (Tjønne) og Leiråstjern	3 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	2 à 29 mm. 1 à 24 mm
Svartdalsstj., Svartdalsvatnet, Merrahøtj., Høgbreavatnet, Høyjtjerna, Langvatnet, Dalsvatnet **, Kyrkjjetjernet, Steinbuvatna, Skardalsvatnet, Trondsholtj., Høgvagltjerna, Hinnåtetjernet, Liabrevatnet, Semmelholstjern, Tverrbyttjernet i Visdalen, Titongtjernet og Grisletjernet	10 stk.	Inga avgrensing utover haust-fredinga	35 mm. el. større
Tjerna Panna og Troget i Kyrkjeglupen	4 stk.		
Tverrbyttjernet i Bukkebotn, Eilevsvatnet, Fantesteinsvatnet, Juvvatnet og Svarttjernet i Dummdalen,	4 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	40 mm. el. større
Øytjernet, Ekorntjernet og Sjøhesten i Raudalen, Hesttjernet, nordre og søre Trøyse og Fate i Urdadalen	4 stk.	Inga avgr. utover haust-fredinga	40 mm. el. større
Leirtjernet på Skautflya og Trollsteintjernet	10 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	40 mm. el. større
Prestesteinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, V.Børjetjernet, Aurkvee, Skuggevatnet, Nufsvatnet og Rundhaugtjernet	4 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	35 mm. el. større
Høyvatnet*** og Leirvatnet	10 stk.	f.o.m. 30/6 t.o.m. 19/9	29 mm. el. større
Bøvertunvatnet	8 stk.	f.o.m. 30/6 t.o.m. 19/9	35 mm. el. større
Storvatnet	Fritt antal	Inga avgr. ut over haust-fredinga	Fri maskevidde

\* På Hovdelangtjernet kan ein i tillegg til 2 garn på 24 mm. el. mindre, bruke 2 garn på 35 mm. el. større pr. kort.  
\*\* På Dalsvatnet kan det i tillegg til 10 garn på 35 mm. el. større, brukast 4 garn på 24 mm. el. mindre. Lom Prestegard har eineretten til garnfiske her.  
\*\*\* På Høyvatnet skal det **alltid** vera med 2 garn på 24 mm., dei andre skal vera på 29 mm. el. større.

- c) Ein og same personen kan ikkje fiske på fleire enn eitt vatn med faststående reiskap (garn eller reiv) pr. natt, og kan ikkje ha meir enn eitt fiskekort for garnfiske.
- d) Stong eller handsnøre som er utsett frå land, vert rekna som faststående reiskap.
- e) Faststående reiskap skal merkast med garnkuler eller annan flytande, lett synleg gjenstand med brukaren sitt namn.
- f) F.o.m. dato gjeld kl.12.00, og t.o.m. dato gjeld kl. 12.00 på dagtid. Mellom kl. 10.00 og kl. 16.00 er det ikkje lov å garn eller reiv ståande i vatna.

5. I alle andre tjern og vatn enn dei som er opplista i tabellen, er berre fiske med stong, handsnøre, reiv og oter lovleg.

6. Bruk av båt ved utøving av fiske er lov på alle vatna. Ved ulovleg fiske frå båt, når to eller fleire driv saman, blir roaren stilt på like fot med den som handterer reiskapen. Bruk av motorbåt i samband med fiske er lovleg berre på Storvatnet og Prestesteinvatnet (ikkje Sleive).

7. Lom fjellstyre og Luster austre fjellstyre har ei samarbeidsavtale om fisket på Mefjellsvatnet og Rundhaugstjernet. På desse vatna kan du fiske på heile vatnet enten du har fiskekort for statsallmenningen i Lom eller Luster. Dette gjeld både for fiske med faststående reiskap og med stong eller oter.

8. Brot på desse reglane vil bli påtala. Reglane tek til å gjelde frå den 5.6.2013, og reglane frå den 1.5.2010 blir da sett ut or kraft.

*Lom fjellstyre har fleire godt utstyrte hytter rimeleg til utleige i allmenningen. Vi har også båtar ved fire av fiskevatna som kan leigast til fiske. Kontakt fjellstyrekontoret eller oppsynet for fleire opplysningar.*

§ 1:I elver og bekkar er det til kvar tid berre tillate å fiske med stong og handsnøre. Håv kan brukast som hjelpereiskap, og til håvfiske etter sik og harr. I vatn nærare enn 50 meter frå inn- og utlaupselver og – bekkar der auren gyter, er det forbode å fiske med bunden reiskap i perioden 1. september – 31. desember.

§ 2:Ved skyting av gjedde er bruk av blyhagl forbode.

§ 3:Fylkesmannen kan dispensere frå bestemmelsane i § 1.

§ 4:Alle pliktar å la fiskeoppsynet kontrollere at fiske skjer forskriftsmessig (jfr. § 42 i lov om laksefiske og innlandsfiske m.v. nr. 47). Brot på desse forskriftene er straffbart (jfr. § 49 i lov om laksefiske m.v. nr. 47).

§ 5:Desse forskrifter trår i kraft 1. mai 1996. Samstundes vert desse forskriftene for fiske oppheva (her er nemnt berre den som vedkjem Lom kommune): Fiskeregler fastsett ved forskrift 17. mars 1971 for Lom kommune, Oppland fylke.

#### **Kontakter og adresser:**

Lom fjellstyre, Postboks 94, 2688 Lom

Heimeside: [www.lom-fjellstyre.no](http://www.lom-fjellstyre.no)

E-post: [lom@fjellstyrene.no](mailto:lom@fjellstyrene.no)

Kontormedarbeidar Magny Hilde: mobil 48098049

Fjelloppsyn Odd Repp: mobil 91697613

Sesongoppsyn Åsmund Galde: mobil 92893226



# FISKE

i Vårdalen, Visdalen og  
Leir- og Bøverdalen  
statsallmenning.  
I Lom kommune.

## Orientering og fiskereglar.

